

# Jakob Naadland



Av Aslak Torjussen

*Særtrykk av artikkel frå Årbok for Telemark 1963*

# Jakob Naadland

Av Aslak Torjussen

Det er ingi lett oppgåve å gjeva ei skildring av Jakob Naadland og livsverket hans. Den som er oppvaksen i ei Telemarksbygd, veit at dei som kom attende frå folkehøgskulen, vart gjerne førarar i bygdi. Ikkje berre i ungdomslaget, men i bygdestyringi elles, i post, telefon, og bygdebank. Jamvel i forretningslivet vart dei føregangsfolk. Å gjeva ei eksakt vurdering av denne verknaden frå Naadland, er uråd. Me lyt halde oss til sjølve personen.

Jakob Vilhelm Naadland er fødd på Roaldsøy i Hetland prestegjeld ved Stavanger 30. mars 1870. Faren var fiskar og heitte Johan Gudmundson Naadland og var fra Ombo i Jelsa sokn. Mori heitte Rannveig Helland og var frå Sand. Frå han var 3 år gamal, vart Jakob oppfostra hjå farbroren, folkeskulelærer Vilhelm Naadland på Rennesøy. Etter han var ferdig med folkeskulen, gjekk han i femtenårsalderen ein dagskule. Han må ha synt meir enn vanlege evner, for presten i Rennesøy, Hersleb Sverdrup, tok på seg å lesa tysk, latin og matematikk med han. I 1887 kom han inn på latinskulen i Stavanger. Johannes Steen var rektor då. Venstre hadde tapa ved valet, så Steen sat heime frå Stortinget. Det vart mi lukke, skriv Naadland seinare, utan dette ville mine 3 år på den lærde skulen ha vorte berre ei ørken-vandring. No fann eg oasar i den turre øydemarki, med livande vatn. Eg fekk ein lærar som gav i rikt mål det ein ungdom mest hungrar etter: sjeleføde! Ein lærar som kunne gjera oss den største gleda av alle: opne portane for oss inn til åndsheimen. Der er lærarar som gjer sterkast inntrykk på ein i sjølve skuledagane. Seinare vert dei oss eit minne, eit gjævt minne. Der er andre som ein liver meir og meir av ettersom åri gjeng. Dei gav impulsar og sådde frø som ein fyrst med år og dag merkar rikdomen av i sjeli. Dei vert oss meir enn eit minne, noko allstødt nærverande. Fyrst etterkvart med manndom og mogning, klårnar det fullt kva ein skyldar dei. Rektor Steen hørde til det siste slaget. Naadland hadde og den seinare kyrkjeministeren og bispen, Otto Jensen, til lærar i millomskulen. Millomskuleeksamen tok Naadland i 1888 og examen artium 1890. Når Naadland strekar så sterkt under kva læraren hev å seia for eleven, så er det vel grunn til å minne om at det spørst ikkje mindre etter kva vilkår læraren møter hjå eleven. Nyleg skreiv ein mann at det gjekk tre kjende menn ut frå skulen i Stavanger etter kvarandre. Det var Peter Hognestad, Nikolaus Gjelsvik og Jakob Naadland. Av desse var ikkje Naadland den ringaste.

Hausten 1890 kom Naadland inn til Kristiania og tok andreeksamen ved Universitetet våren 1891. Det var midt i ei straumvending i åndslivet. Realismen og naturalismen hadde etterkvart fjøra ut og slutta til dels i dekadanse. Ein og annan tok til å skjøna at kjelda som alle problem sprang ut i frå, var det menneskelege sjelelivet. Difor vende interessa seg den vegen. I litteraturen bort frå samfunnsromanen til lyrikk og sjeleskildring, frå det kollektive til det individuelle, frå det kosmopolitiske til det sermerkt nasjonale. Løysingsordet vart no innerter. Innerter i mennesket, innerter i landet og folket, ein nyromantikk på realistisk grunnlag. Denne båra greip dei unge, og på denne båra siglde folkehøgskulen fram til ny vokster. Og Naadland var med av heile sin hug. Han hadde fyrst eit vikariat på latin-skulen i Stavanger, men vinteren 1891 -92 dreiv han ein ungdomsskule på Bråstein i Høyland. I februar 1894 kom han til Telemark folkehøgskule i Seljord og var lærar på folkehøgskulen og seminariet til 1901. Straks etter han kom til Seljord, gifte han seg med ei Stavangerdame, Kirsten Olsen. I Telemark kom ho alltid til å heite Kitty. Ho skapte ein hyggeleg heim for han, og dei fekk fire born, som dei fekk glede av, tre søner og ei dotter. Hausten 1901 opna han sin eigen folkehøgskule på Hjelmeland i Ryfylke med agronom Eirik Eide til medlærer.

I 1902 slutta Ullmann med skulane i Seljord og vart utnemnd til amtmann i Bratsberg. Han hadde nok bite merke i Naadland, for han valde han til ettermannen sin. Å taka over styrarposten etter Ullmann var ei oppgåve som kunne gjeva nokon kvar gåsehud berre ved tanken. Men Naadland kjende nok sine egne evner og våga seg på det. Han la ned lærarskulen, og berre dette måtte vera eit prestisjetap. Dertil kom at det var ein etter måten ukjend mann som tok romet etter stortingspresidenten. Seljord var mellom dei tre skulane som fekk omfram tilskot av staten til å drive utvida folkehøgskule. No gjekk elevtalet ned, og i budsjettproposisjonen frå departementet 1905/6 er det nemnt at skulen har berre samanlagt 20 elevar i dei to klassene. I kyrkjenemndi var det nokre som ville legge ned skulen og i staden gjeva tilskotet til ein skule på Austlandet i nærleiken av Mjøsa. Men kyrkje-ministeren, dr. Otto Jensen, som truleg hugsa Naadland frå Stavanger, tok både styraren og skulen i forsvar og spådde at elevtalet snart kom til å auke, og det fekk han rett i. Ivar Tveiten stødde godt under. Skulen fekk tilskotet. Vyrnaden for den nye styraren auka. Ungdomslagi som var i sterk vokster i denne tidi, ville gjerne ha han til talar. Det vart ofte eit slit, dei lange vegane på sykkel i alle slag føre. Med åri vart han ein av dei mest omtykte talarane i Telemark. På dei store årsstemnene i Telemark ungdomslag var han til slutt

nærepå fast talar. I 1914 flutte han skulen til Kviteseid som den gongen låg meir sentralt nær båttrafikken. Sume av dei beste venene hans hadde og flutt dit før han. Og Utsund var ein utifrå vakker skulestad.



Skulehuset på Utsund under bygging i 1913

Naadland hadde sin eigen måte når han tilsette medlærarar. Her er eit døme: Ein ung telemarkslærar vart ein dag kalla i telefonen. «Guddag, dette er Jakob Naadland. Kan du taka på deg å vera lærar på skulen her?» Læraren hadde aldri snakka med Naadland før og minst av alt tenkt på å bli lærar på Utsund. Med han prøvde å samle seg, sette han fram eit spørsmål, det dumaste han kunne gjera, om kva løni var. Litt mørk i mælet gav Naadland han greie på dette. Men no hadde læraren kome seg på føtene att og så sa han: «Ja, eg spør ikkje fordi løni er noko hovudsak.» «Det var godt det. Så kjem du då. Skulen tek til 14. oktober. Velkomen!» Nokre dagar etter kom det eit brev: «Vil du sende vitnemåli dine beinveges til tilsynsmannen for ungdomsskulane. Departementet skal godkjenne tilsetjingi.» Han såg aldri vitnemåli til medlæraren sin. Såleis tilsette den gamle folkehøgskulen lærarar. Når så læraren kom, fekk han ein timeplan. Undervisningi fekk han planlegge etter sin eigen hug. Styraren blanda seg aldri inn i det. Det var i sanning fridom under ansvar.

No nokre små glytt av mannen og livsverket hans:

Fyrst skulemannen. Naadland var grundtvigianar. Serleg hadde han same synet på mennesket, ein synsmåte, seier Naadland, som grip ein som ei openberring fyrste venda ein kjem til møtes med han. Han fær oss til å stanse og tenkje framfor den ting at mennesket merkjer seg ut som den einaste av Guds skapningar som kan tala, som hev ord på si tunge, og ord som ikkje berre kan opplyse om synlege materielle ting, men som kan målberast for det usynlege, for ånd og åndsmakt. Det er mennesket som hev fenge denne guddommelege gåva, eit vitnemål om at det er skapt i Guds bilete. Grundtvig kallar ordet på vår tunge «noget skaberligt». Liksom det var gudsordet som i opphavet skapte alt, såleis kan menneske-ordet skapa. Den åndsboene talen kan vekkje åndeleg liv i ein barm der slikt livsteikn tottest vera slokna. Dermed skjønar me kva Grundtvig ville med folkehøgskulen og kvifor han tufta han på talen, på det levande ordet.

Så hev det då vore ei av oppgåvene for folkehøgskulen å få dei unge til å sjå og kjenne herlegdomen ved det å vera menneske. Ikkje berre sjå og høyre om det, men kjenne det, uppleva det slik at dei av eigi indre røynsle kan syngje det dei hev kjent:

*Jeg har baaret lerkens vinge  
jeg har sunget høit dens sang.*

Dette er å leva, å ha vorte eit levande menneske, og når folkehøgskulen med det levande ordet hev kunna skapa i skulestova, so dei unge kjende litt av dette stige upp i sjeli, då hev han i sanning vore ein livgjevar i folket. Hev dette alltid vore noko av det folkehøgskulen kjende seg kalla til å gjeva dei unge syn for, so hev tidene og hendingane i det seinare vorte til manande kall til folkehøgskulen om å bruke arven han hev fenge av Grundtvig til å gjera dette seroms livande for den ætti som veks upp no.

Folkehøgskulens arbeidsmark er det personlege. Det er der han hev si gjerning og sitt kall. Hans oppgåve er å vera med å skapa personlegt sjølvstendige menneske som kan koma til å taka sin plass og velja sitt standpunkt i livet utav indre overtyding og personleg val, og som i dette valet let alle andre omsyn vike for det eine ideelle: å tena det som er sant og rett. Det er ikkje å preparere til dei og dei meiningar.

Når me fortel historie i folkehøgskulen, så fører me dei unge inn i alle skiftande straumdrag gjennom tidene. Hev me for oss t. d. Europas nyare historie, så fører me dei mill. a. inn i heile den sosialistiske tankeverdi som

emna seg til i fyrste helvti av fyrre århundrad, frå Robert Owen og Saint Simon til Fourier, Proudhon, Louis Blanc, Karl Marx og Fredrik Engels, såleis at dei unge ikkje berre skjønar tankane med hovudet, men kjenner hjartetslaget og idealiteten som dei sprang ut av. Og samstundes fører me dei inn i den rakt motsette liberalistiske synsmåten, som på same tid stod i sin blome i Europa, med talsmänner som Richard Cobden og John Bright i England, Adolf Thiers i Frankrike o. s. b. Hev me for oss tidlegare tider, så fører me dei f. eks. inn i pietismen i Tyskland og England og kvietismen i Frankrike i 16-1700-åri og liver oss inn i salmane av Paul Gerhard og sanningsordi av Blaise Pascal, orienterar dei i den moderne naturvitskapen og den dermed samanhengande nye tenkjemåten i det heile som emna seg til i desse same tidene; fører dei midt inn i rationalismen frå 1750 åri, hjelper dei til å syne hans art og opphav og heile syn for det ålment menneskelege, det verdensborgarlege, tversover alle lande- og folkegrenser; dukkar oss ned i Rousseaus mektige kjensle- og tankeverd og kjenner korleis ei kjelde vell upp her til ei ny tid med ei heilt onnor verdsetjing av alt enn dei ortodokse eller «fritenkjarane» i tidi kjende osv. osv.

Men under og gjennom alt dette fylgjer lærarens eige personlege livssyn med, med den makt, den tru, den varme som dermed fylgjer. Sjølv sagt. Elles ville alt dette vera uforsvarleg, og ingenting vera nått. Men ikkje på den måten at læraren støyper elevane i si form, so dei vert eit preparat, eit upersonleg avtrykk av han. Han vil tala ut av sitt personlege syn, ut av si trygge, varme tru, soleis at elevane kjenner styrken, gleda, tryggleiken i livet ved å hava eit personleg tillivt, gjennomarbeidd livssyn — vert soleis gjennomvermd av det at dei skjønar i dette styrken i livet, og ikkje slær seg til ro før dei sjølve etter evne hev vunne sitt eige for sin personlege part — og dermed vert ekte, heilstøypte, sannferdige menneske.

Slik hev Naadland sjølv forma oppgåva for folkehøgskulen. Me ser at denne skulen fyrst og fremst vender kravi til læraren. Han må med all si evne dukke ned i stoffet, gjera det meir einfelt og framom alt blåse liv i det så det kan gripe og fange inn dei unge. Det var her Naadland var meisteren. Eg fylgde ein gong ei forelesingsrekke av han i gresk filosofi. Han greidde å flytje dei gamle vismennene midt inn mellom oss så deira problem vart våre, og utan å synde mot stoffet, fekk han det utruleg enkelt. På ei årsstemne i Telemark ungdomslag heldt han heile stemmelyden fanga med eit så abstrakt emne som Immanuel Kant.

Han hadde eit forunderleg varmt og ljost religiøst syn. Kvar sundag

når det ikkje var messe i kyrkja, tala han på skulen. Mange vil nok og hugse dei sundagsordi han i fleire år skreiv i Norig. Det var eit vers i Bibelen han ofte kom attende til, det var Joh. 1, v. 17: «For lovi vart gjevi gjennom Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus». Han tolkar verset slik: Med Moses kom det ei lov. Lovi seier du skal, kjem med påbod utantil. Set straff for lovbrott, agar gjennom otten utantil. Ho kan skapa korrekte, «rettferdige» menneske i det ytre, men byd ingen garanti for at hjarta er med, at det kjem innantil, er personleg sant.

Med Jesus kom nåden. Det er ordet som sermerkjer nytidi. Ordet er ei omsetjing, ingi god omsetjing, heller misvisande, minner for mykje om allernådigst. Johannes som skreiv gresk, bruka ordet «kjaris». Det tilsvarende ordet på latin er «gratia». Det er kjent i dei fleste nyare kulturmåli: gratie, ynde. Det er dette som kjaris tyder: Det vene, det yndefulle, det elskelege, i all sin hugtakande herlegdom. Det er slik at fyrst du ser det, må du bli glad i det. Det tek deg om hjarte. Og den som vert glad for noko, han vert full av takk. Difor tyder kjaris på gresk og gratia på latin ogso takk. Me hev same ordet på norsk og i germansk form og tyding. Gresk kjar (is), gamalnorsk gjar(na), nynorsk gjerne. Så gjerne, så gjerne, det er det som kjem innantil, frå eit fullt, eit viljuget og varmt hjarta. Jesus kom med kjaris, det sjeleleg hugtakande, herlege. Me såg hans herlegdom, seier Johannes, ein slik herlegdom som ein einboren hev frå far sin full av kjaris og sanning (Joh. 1, 14) — — Du finn nok ein plass, ei tenargjerning, i det små eller i det større, å vera med og føre Guds sak fram til målet. Det vert noko av ditt daglege brød, ein mat du må hava, eller så hungrar du åndeleg. Du hev kje fred utan. Og stundom kan det gange med deg som med Jesus ved Sikars brunn. Du gløymer mat og møde elles over gleda ved å tene noko godt som vil fram, over gleda ved å kjenne du er med i ein liten gjerning som fører Guds tankar i verdi mot målet. Rik og glad sannar du ordet om brødet frå himmelen, gudsbrødet, livsbrødet som gjev mennesket livet, den maten som varer og gjev ævelegt liv. Og seia vil du som sagt vart: Herre lat det gange som det vil, må eg aldri fattast denne maten: å gjera Guds vilje, å vera med å føra hans verk fram mot målet. — — Det er eit grunnvilkår for alt liv dette: du må vera ei grein på eit vintre. — Greini og treet er ikkje to, dei er eitt. Dei er vaksne saman med selle-vev og nerver, er ein livseinskap. Å vera grein på Jesus vil seia å vera eitt med honom, så hans ånd vert vår, hans vilje vår, hans tru vår, hans liv vårt.

«Utan meg kan de ingenting gjera». Der er også andre vintre menneski hev prøva å liva av og vera greiner på, meir og minder edle. For sume hev det vore pengar, for andre ære eller makt, eller njoting. Andre hev søkt til edlare livskjelder. Dei hev soge livskraft og tru av dei store idear, dei lysande tankar, dei hev havt sitt liv og si livskjelde i å byggje og tru på det gode i tilværet. Idealiteten hev vore deira vintre. Og det er eit edelt tre med fin og rik saft, det edlaste å nemna på jord. Det er berre det med det at det er ikkje eit tre, det er sjølv ei grein. Og vil ein gjera det til eit tre å vera grein på, så merkar ein til slutt at saftgangen minkar, der strøymar ikkje lenger den livskraft til ein som før frå det. Er det gode sterkast i livet? Er det ideelle i livet meir enn vene draumar, varme ynske, voner som brest. Er her noko å tru på, noko som det er verdt å bli varm for, verdt å arbeide for og ofre seg for?

Gong på gong hev slekti lagt ut med ungdoms tru og idealitet i åndelege vårtider, og enda med å setja seg ned som «trætte Mænd».

Utan meg kan de ingenting gjera. Utan trui på Jesu Kristi Fader, utan tru på ein evig allkjærleg Gud som med sin arm held alt godt og ideelt i tilværet uppe og fører det fram til siger, vil all ideell tru til slutt visne og døy. Einast gjennom Jesus kan menneskeslekti berge og halde uppe idealiteten, trui på det gode i livet.

Naadland møtte nok av og til dette ævelege spørsmålet som så mange hev slite og slit med: Kvifor er det så mykje vondt i verdi? Ein stad svarar han slik: Jesus møtte og desse spørsmåli. Læresveinane hans kom fram med dei og ville spørje seg fyre om svar på dei. Kva svara Jesus? Kva løysing gav han på livsproblemet? Han avviste svaret og spørsmåli med. Når du møter meiningslaus ulukke og vanlagnad ikring deg, seier han, så skal du ikkje gjeva deg til å gruvle. Der er gåter du likro godt kan lata liggje. Du løyser dei ikkje med tanken. Du er ikkje send til å filosofere, men til å leva. Når du møter slikt, skal du heller gange burt og gjera Gudsverk, hjelpe og lindre medan livsdagen din varer. Set hjartevarmen inn der vanlagnaden møter, kom med din godleik der det vonde bryt inn, og dei ulukkelege vil kjenne og sanne at her likevel er noko godt i tilværet og prise deg og Far din i himmelen. Det er ein betre måte å løyse slike livsgåter enn med å gruvle. Fylg meg, så vert der ljøs over det mørke og gåtefulle i livet trass alt. (Joh. 9,5)

Det ligg til folkehøgskulen å leggje mykje vinn på undervisningi i litteratur. Dei som hev høyrte litteraturtimane til Naadland, vil nok minnst dei. Særleg var det ei rein njoting å høyre han lesa upp. I det var han ein

kunstnar. I 1923 gav han ut ei samling artiklar som han kalla *Penne-teikningar*. Det var fem personar han hadde teikna. Av desse to diktarar: Garborg og Vinje. Det er desse to som hev fenge største plassen. Han opnar med stykket om Garborg. Dei var frå same landsluten, og Naadland kjende frå nært hald dei livshøve og vilkår som diktingi åt Garborg sprang ut i frå. Den sameiningi av diktarånd og sylkvass logikk og analyse som er sermerkt for Arne Garborg, var ikkje framand for Jakob Naadland. Han åtte sjølv noko av den same kvasse logikken. Vel var han ikkje diktar, men anten han heldt foredrag om eit emne, eller han tolka ei bibeltekst, så var aldri poesien langt unna. Han hadde djup vyrdnad for tenkjaren Garborg og ovundra dikteren: Stridsgleda reint ut lyser av han, seier Naadland, og alleslags våpen hev han for hand: den rolege utgreiing og analyse, den fine, intime skildring, den skarpe, flengjande kritikk, den herlegaste humor, den komisk speande ironi. Og over alt eit uforfælt mod, ein respektlaus sjølvgløymande sanningskjærleik, uverdsleg, ideboren. Naadland ser det slik at denne diktingi som er skapt av uendeleg liding og leiting, for alle tider vil verta ei kjelde til rikdom for alle dei som reknar med at livet er meir enn maten.

Den andre dikteren han tok fram, var Åsmund Vinje. Ingen diktar hev som Vinje spegla av det tvisynte, tvibotna telelyndet, mangslunge og spelande i bråe skiftingar. Gjennom Vinje kjende han att dei folki han arbeidde mellom. Vinje hjalp han til å forstå dei. Han synte ein gong fram avskrift av eit brev han hadde sendt ein av lærarane sine som flutte til Jæren. I dette brevet gav han ei utgreiing om skilnaden mellom jærbuen og telemarkingen, som eg trur var svært råkande. I stykket om Vinje hev han ei morosam samanlikning mellom dei tre diktarane: Bjørnson, Ibsen og Vinje. Bjørnson er som soli, vermaren og livgjevaren, positiv og produktiv. Ibsen er som månen som sviv for seg sjølv uppe «på viddene» og berre ser på livet og let oss kjenne livet frå dei meir mystiske sidene. Men Vinje er nordlysune. Kan du tenkje deg eit festlegare naturens skodespel enn ein kveld med spelande nordlysur! Desse 5 var nok dei han sette høgast, jamsides Wergerland. Men det er berre dei 2 han tek inn i boki. Dei stridde og ofra for Noregs nasjonale og kulturelle frigjering. Dei var fullnorske og samstundes europearar. Og framom alt: Den striden dei stridde, galdt sjølv mennesket. Frigjering, vokster, utvikling til sanne, sjølvstendige menneske. Dette fall beint inn i Naadlands eigi livsuppgåve.

Han heldt seg helst til klassikarane. Dei nyare diktarane frå Hamsun og seinare brydde han seg mindre om. Han fann for lite idealitet hjå dei.

Dei fyrste åri Naadland var styrar i Seljord, syntes å peike han ut til ein politisk karriere i likskap med den til Ullmann. Han kom inn i bygdestyring, var 4 år formann i skulestyret, 3 år varaordførar og i 3 valperiodar formann i venstrelaget for Aust-Telemark krins. Det er uklårt kva som var grunnen til at han etterkvart vart mindre med i praktisk politikk, for heile livet fylgde han ihuga med i politikken. Tre av artiklane hans i Penneteikningar er om politikarar (Steen, Ullmann og Sveinsson). Spør me kvifor han plent tok desse tre, så er svaret sjølv sagt det at han hadde kome i nærare kontakt med desse. Men ein analyse av innhaldet syner oss Og at dei tre han har valt, høyrer til noko av den same typen av politikarar, den som Naadland sette pris på. Det er idealismen, truskapen mot det dei såg som sitt kall, og det djupt menneskelege som Naadland understrekar hjå dei alle. Kanskje var ein av grunnane til at han ikkje gjekk inn i praktisk politikk, at politikken etterkvart svinga inn i ei lei som han ikkje lika, vart for mykje nærings- og interessepolitikk. Ei av årsakene kan vera at han slutta seg så sterkt til georgismen. Namnet og tankane skriv seg frå den amerikanske sosialøkonomen Henry George. Hovudtanken i teoriane hans er, som ein veit, at årsaki til fattigdomen og den sosiale uretten er at jordrenta, som stendig aukar med samfunnsutviklingi, fell på jordeigarane og ikkje på samfunnet, som skaper auken. Dersom staten la skatt på verdeauken, så trong han ikkje andre skattar. Her er ikkje plass til å gange nærare inn på georgismen.

Naadland hev truleg møtt teoriane til Henry George gjennom Ullmann, som alt i 1886 hadde omsett hovudverket hans: Fremskridt og Fattigdom. Her og kunne Naadland og Arne Garborg møtast som meiningsfrendar, bae like ihuga. Likeins Ullmann. Naadland skreiv ei rad med artiklar om grunnrenta i Varden 1906 og om grunnskatten i same bladet 1907. Rørsla nådde ikkje så langt her i landet at det vart skipa eige politisk parti slik som i Danmark (Retsforbundet), elles hadde nok Naadland vorte ein av førarane. I 1946 var det ein hauge-sundsmann, Nils Sund, som gav ut ei liti bok som han kalla Rettsliberalisme. Naadland var mykje oppglødd for denne boki som på ein svært lettskjønleg måte føyde inn i georgismen.

Det spørsmålet som vel i seinare år kom til å bli mest brennande for Naadland, var nok fredsspørsmålet. Dei to krigane med all sin brutalitet, råskap og menneskeslakting hadde gjenge hardt inn på han. Han var elles mot alle organisasjonar fordi dei stengde for individualiteten, men organisering mot krig var han med på. I foredrag, artiklar og flogskrifter kjempa han for fredssaki. Det var serleg om å gjera for han å syne at Jesu Kristi evangelium

var heilt imot krig, forsvarskrigen og. Guds ånd og åndi i krigen var beint motsette. Han tenkte og på ungdomen som laut uppleva all denne styggedomen. Dei måtte misse trui på alle gode makter, og korleis ville då framtid laga seg? Han hev visst skrive ei heil bok om fredsspørsmålet som skal liggje etter han i manuskript.

Det var nærast eit slumpehøve at Naadland kom til å syne seg utetter som ein skarpskodd vitskapsmann. Ein ung lektor skreiv ei doktoravhandling om Bergens bynavn. Denne kom Naadland til å lesa, og då han meinte å finne ein sterk og velkjend tendens i avhandlingi, sette han seg ned og skreiv eit motlegg som til slutt vart ei heil bok. Når me skalar av alle historiske og filologiske detaljar som er turvande for prøvføringi deira, er tankeføringi til dei tvo forfattarane slik: Doktoranden reknar med at av det opphavlege namnet på byen (garden) Biargvin, voks det etterkvart fram tvo hovudformer: Biorgvin og Bergvin. Biorgvin er helst ei nordvestlandsk og trøndersk dialektform, medan Bergvin er talemålsformi i Bergen. Fordi denne formi hadde stønad i talemålet i Bergen, dreiv ho den u-bergenske formi Biorgvin attende, men Bergvin vart og foraldra og vart anten til Berven eller Bergen med bortfallen v og einstavings-tonelag. Kanskje med litt verknad frå tysk, men i hovudsak er Bergen resultatet av ei norsk målutvikling.

Naadland syner at frå Sognefjorden til Steinkjer er det ikkje far etter slike namneformer som Biorgvin, men derimot i stroket ikring Bergen. Det er Nordvestlandet og Trøndelag som hev Bergvin. Når Bergvin vert einaste form frå 1400, så er det fordi Bergen vert veik, og tyngdepunktet vert flutt til Austlandet. Samstundes fær tyskarane for alvor makti i Bergen. Ved trykk frå tyskarane og det utanlandske kanselliet og styringsverket fekk Bergen herredømet. Likeins må utviklingi av Bergvin til Bergen med bortfall av g og overgang til einstavingstonelag vera påverknad utanfrå, då ein ikkje finn liknande overgangar i vanleg norsk målutvikling. Bergen er såleis eit tysk namn på byen, og det rette namnet er Bjørgvin. Professor Gustav Indrebø las igjennom manuskriptet før det vart trykt, og på eit offentleg møte i Bergen ein gong seinare sa han: I boki til Naadland er der meir ærleg vitskap og sunt skjønn enn i noko onnor bok som er skrivi om Bjørgvin-namnet. Professor Sigurd Kolsrud, som ikkje var nokon næming i norsk språkutvikling, las bae avhandlingane og høyrde på disputasen der Naadland opponera ex auditorio. Han sa at Naadland burde havt doktorgraden på avhandlingi si.

Så kom Naadland ein gong til å skrive ein artikkel i Stavanger Aftenblad om landsnamnet vårt. Artikkelen vart atgådd, og fleire ville ha han

utgjeven serskilt. Det tykte Naadland han ikkje høvde til, det laut nærare gransking til. Professor Olav Midttun skunda på han, og professor Knut Robberstad, som då var formann, kunne lova stønad frå Noregs Mållag. Han tok på seg arbeidet og fekk det fullført med boki: Noreg er Namnet. Det kom vel med at han hadde Diplomatarium Norvegicum i bokhylla. Attåt Midttun og Robberstad rådførde han seg med målgranskaren dr. philos. Ingeborg Hoff og sjefen for Norsk stadnamnarkiv, dr. philos. Per Hovda. Den domen desse tvo hev gjeve det ferdige arbeidet, kan formast slik: Resultatet han hev kome fram til, er ikkje uventa, og det er prova at dei synsmåtar han hev lagt fram, er rette. Så vidt ein veit, hev det til no ikkje kome noko motlegg mot dette imponerande verket.

Då Naadland var 70 år, gav han styringi av skulen over til sonen Olav som i fleire år hadde vore lærar ved Gudbrandsdalen folkehøgskule. Naadland heldt likevel fram med foredrag ved skulen endå han etter ein halsoperasjon hadde mist mælet så han berre laut kviskre. Han gav og ut eit lite blad som heitte Frihug. Soga om norsk folkehøgskule syner at det er lettare å reise ein ny skule enn for ein ny mann å overta ein gamal. Då Naadland tok over etter Ullmann, var det midt i ei grotid for folkehøgskulen. Likevel knipte det. Endå verre er det når overtakingi går fyre seg i ei nedgangstid. Folk spør gjerne med tvil: Held den nye mål med den gamle? Den nye mannen treng tid til å arbeide seg upp tiltru, vyrndnad og prestisje. Og med graset gror, kan kyri døy. I slike høve krevst det ein sers velvilje frå styre-maktene slik som statsråd Jensen synt Telemark folkehøgskule. Tilhøvet mellom Telemark folkehøgskule, Bratsberg amtsting og Telemark fylkesting hev stykkevis vore eit trist kapittel som ein ikkje skal inn på her. Historia vil ein gong felle domen sin over dette. Det tok hardt på Naadland at skulen måtte gå inn og den mislukka freistnaden frå Telemark ungdomslag på å få skulen til å halde fram. Han miste kona og i denne tidi. Det gjekk og sterkt inn på han. Han skreiv i eit brev: Eg kjenner meg meir og meir einsam. Familien prøvde det dei kunne å lette dagane hans, men det var sjølv tidi som hadde vorte framand for han. Han budde uppe i bakken ovafor skulen, og dotter hans stelte for han. Dagen før han døydde, var han ein tur til Seljord. Han gjekk og sveiv på gamle tufter på Utgarden. Som den ukuelege optimisten han var, drøymde han nok om nye tider da folkehøgskulen kunne reise seg på den gamle staden. Dagen etter, laurdag 22. juni 1957, døydde han. Han fylgde Grundtvig i det og at han sat i stolen sin då han sovna inn.

Mor til Viggo Ullmann reiste ein gong dette spørsmålet i eit brev:

Er det noko rimeleg tilhøve mellom det ein mann ofrar og yter og resultatet og påskjøningi? Telemarkingane kan no lure på dette. Men i grunnen er spørsmålet gale stilt. Det er rettare å sjå det som Vinje, at høgste gleda for ein mogen mann er å få gjeva seg sjølv. Gleda ved å yte alt ein hev og maktar, det er dette som er folkehøgskule, anten folk skjønar på det eller ikkje. Ser ein på den lange livsgjeringi til Naadland i Telemark, kan ein vel slå fast at ingen einskild mann hev havt så sterk innverknad på kulturlivet i Telemark ein viss tidbolk som han.

Til slutt skal han sjølv få ordet slik han forma det i 1940: Fasitten av mi livsrøynsle er at dersom ikkje menneski finn att den tru vår generasjon i sin ungdom fekk på sigersmakti i dei ideelle livsverde, den visse tru tvers gjennom alt på at livet «fram til eit betre seg søker», som Vinje ordela det, so gjeng det nord og ned med vår europeiske kultur. Men den tru kan berre halde seg frisk og handlefør dersom ho finn ankerfeste i den tru på vår himmelske Fader som Jesus frå Nasareth sette inn i verdi og den ånd som strøymar ut frå honom. Og då må den kristne forkynningi ikkje einsidugt samle seg um å berge sjeler for eit liv i hi verdi, men heilt onnorleis enn hittil ogso verta eit trufylt og inspirera vitnemål um at Jesu ånd skal som ein surdeig ogso gjennomsyre livet her på jordi so lenge det er råd at det Gudsriket han bar bod um, skal få si bløming her.

Ein veksande avantgarde, fylt av denne tru, er det ferment som verdi i dag treng. Lat oss hugse det ordet av Jesu: De lite truande.

Og elles hev eg for min part funne at ingen hev klårare vilkår og veg for eit menneskjeleg åndsliv enn Grundtvig og ingen sannare synt leid og låm til eit retferdigt og lukkelegt samfunnsliv enn Henry George.



Telemark folkehøgskule på Utsund i 1919

